Emne nr. 11    Ymse attål for.    Telemark. Hjartdal.

Oppskr. av Saamund Hardang.

Röter.

For ei 50-60 år sidan brûka dei å grava opp åkerrot om våren når dei plogde åkeren ~~å~~ og ha tee fôr ~~for~~ dyra; men no er nok dette heilt slutt. Heller ikkje under siste verdens-krig kjenner eg tee at dette vart brûka. Det var serleg kveke, krönske og geiserot som vart brûka. Mange stader brûka dei den gong å plogga med ard. Dei hadde då folk tee å grava jora rein for ugrasrot. Rötene vart lagde i haugar på åkeren. Her vart ho rota kasta opp i ein møkslede og köyrd burt av åkeren. Dei rötene dei brûka for kröttera köyrde dei tel ein bekk der dei vart vaska reine for mold og sidan köyrde dei borne tel fjöset. Rötene vart då fôra opp med same utan å törke. Bregne og einstape vart aldri brûka tee for på desse kantar. Namnet moldfor-rot i.l. er heilt ukjent. Tang og tare er ukjende forslag. Storrgras brûka derimot å slå seint om haustin når myrane hadde frose tee rundt tjörnar og bekkesikl. Storrin slo dei med langorv og raka saman som anna gras og köyrt heim på slede. Ein brûka å slå storrgras ved tjörnar om sumaren og.

6018

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Heste-mók, kjende eg lei vart brúka for ei 60 år sidan i Åmotsdal og fl. st. i fjellbygdene. Om denne var brúka her i Hjartdal har eg ikkje høyrt. Sidan den tid har det nok ikkje vorte brúka.
Hesteloken vart koka saman med mose og høy, agnar, lauv og salt, med mjøl på. Det var berre kyrne som vart fora med dette. Kyrne kunne verta svært glade i hestemók. Når dei kom ut om våren kunne dei kunne stå og eta hestemók i møkkingen, ved skallveggen.
Denne sörpa vart som nemnt koka i gryte.
Nå er det slutt med å koke sörpe for kyrne slik som dei gjorde før. Det var vanleg at dei slo kokende vatn på sörpa eller söppa for kyrne. Einskilde budeier er det nok enno som brukar dette med varmt vatn på sörpa. Ein brukar varmt drikka for kyrne etter dei har kalva.
Rognebær vart visst sjeldan brúka no. Ein kjenner ikkje til at dei slo vatn på raunebær slik som nemnt i spörjelista. Det er derimot kjent at dei brukar raunebær til høns. Når dei bryggja öl so vart bruka dei nok botn av fatet - botnkveika - for kyrne. Det er ingen no som kjenner til at dei bruka slag av kvanne-stilk då det er so ofte skader der det veks kvann (Angelica archangelica) Denne planta veks i Åmotsdal.

6018

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING